

## **Høyringsutsegn – effektivisering og moglegheiter for innsparing i oppvekstsektoren.**

### **Mo oppvekstsenter.**

Elevmedverknadsprosess om eventuell skulesamanslåing i Surnadal kommune.

Mål for prosessen:

- Alle elevar skal få høve til å dele tankar, kjensler og forslag.
- Arbeidet skal gjennomførast på ein trygg og inkluderande måte.
- Elevrådet si fråsegn skal vere ein del av kommunen sitt avgjerdsgrunnlag.

Ved Mo oppvekstsenter har alle trinn arbeid i klasseprosess, der læraren har tilpassa opplegget i forhold til alder og elevgruppene. Dei yngste (1.-4. trinn) snakka litt om SFO og.

09.09.25 var det elevrådsmøte der elevrådsrepresentantane med vara, formidla meiningar og innspel som har kome fram i klasseprosessen.

#### **1.-4. trinn, og SFO innspel:**

##### **1. Kva likar du best med skulen din?**

- Det er ein god leikeplass, og vi trur at det er meir leiker her enn på SUBUS. Vi har mange fine leiker ute og.
- Mykje friheit til leik. På SFO leiker vi mykje, og det er få elevar å dele leiker med.
- Vi leiker saman med ungar i fleire aldrar, og på tvers av kjønn – venskap.
- Vi har det artig saman.
- Alle veit om alle.
- Mindre klassar, gir meir trygghet.
- Vi har god plass.
- Trygge overgangar frå barnehage til skule, og mellom klassar.
- Kort skuleveg.
- Ganske oppussa.
- Lokal samlingsplass.
- Flott nærområde.
- Fin skule.

##### **2. Kva gjer at du har det trygt og godt på skulen?**

- Små forhold. Betre kjent når det er mindre folk. Vi kjenner alle både born og vaksne.

- Vi kjenner alle i klassen.
- Trygge og kjente vaksne som vi vart kjent med allereie da vi gikk i barnehagen.
- Lite og oversiktleg uteområdet. Vi ser voksne med gul vest i friminutta.
- Å få treffe barnehageborna. Vener - sysken. Det er ein skulegard for alle trinna og same uteområdet for barnehageborna, slik at vi kan leike med vener på ulike trinn og alder.
- Vi har det artig saman. Og vi har mange vener på skulen.
- Oversiktlig og lett å finne fram.
- Det er ein buss å forholde seg til, og ein vaksen er med oppi bussen og viser oss dei faste plassane vi sit på.
- Alle har kort veg til skulen, og god tid til fritidsaktiviteter.
- SFO på Mo er bra!

### **3. Kva gjer at du lærer best?**

- Kjente og trygge vaksne. Få lærarar, same lærar i dei fleste faga.
- Små grupper. Kjenner alle.
- Lite støy.
- Variert undervisning. Fleksibelt.
- Fine store klasserom.
- Ledige grupperom.
- Leiketime (leikbasert læring)

### **4. Kva er viktig for deg dersom skulen blir annleis enn i dag?**

- Rom for å vere seg sjølv, bevare eigen identitet. Ikkje bli tvinga til det man ikkje vil sjølv.
- Same klasse som medelevar frå Mo.
- Gode/flinke og kjente lærarar føles tryggare.
- Snille medelevar, venskap og inkluderande miljø.
- Fadderordning – nokon som passar på meg.
- Faste plassar i bussen.
- Bussreglar.
- Leikar i friminutta.
- Ha tid til å vere med vener, og på fritidsaktiviteter.

## **Mellomtrinn, 5., 6. og 7. trinn sine innspel:**

### **1. Kva er bra med skulekvardagen din i dag?**

- Ikkje stor overgang frå barnehage til skule – mindre skummelt.
- Oversiktleg skulebygg, det er lett å finne fram.
- Ikkje så mange på kvart klasserom.
- Alle kjenner alle, inkluderande fellesskap. Vi er snille med kvarandre. Alle har nokon å vere i lag med i friminutta.
- Det er ingen som opplever mobbing her, for alle kjenner alle.
- Det er lite bråk.
- Vi kjenner lærarane allereie før første klasse.
- Vi får raskt hjelp med oppgåver o.l.
- Bruk av nærmiljøet, f.eks skogen, gårdsbesøk m.m.
- Kort og trygg skuleveg
- Berre ein buss.
- Brukar mindre pengar.

### **2. Kva betyr det for deg at skulen ligg der du bur?**

- Muligheit til å vere aktiv -sykle og gå til skulen.
- Vi kan sykle til og frå skulen i lag med vener.
- Greie avstandar til medelevar.
- Trygg og kort skuleveg. Nokre har gangavstand.
- God plass på bussen.
- Bussjåføren kjenner til elevane og veit kvar dei bur.
- Det tek ikkje lang tid med reise. Max 12 min. til og frå skulen.

### **3. Kva skal til for at du og andre elevar har det trygt og godt på skulen?**

- Færre elevar
- Gode lærarar som ser oss.
- Bli tatt godt i mot.
- At vi har det «gøytt».
- At vi har minst ein god ven.
- Inkluderande og snille vener.
- Alle på same trinn på Mo, kjem i same klasse. Hamnar i klasse med nokon ein kjenner.
- Ikkje lang skuleveg.
- Stor plass inne og ute.

#### **4. Kva hjelper deg best til å lære?**

- Kjente og trygge lærarar og faglærarar.
- Sosialt og aktivt ute.
- Rask tilgang på hjelp.
- PC.
- Motivasjon og belønning.
- Å vere ute.
- Lære praktisk.
- Arbeide med kreative oppgåver.
- Lese.
- Sjå videoar.
- Muligheit for gårdsbesøk.
- Mindre folk.
- Stillheit.

#### **5. Kva meiner du kommunen bør tenkje på dersom det blir snakk om å slå saman skular?**

- ***Tenkje på elevane!***
- Det er allereie for fullt på SUBUS, må det byggast på meir? Det kostar pengar.
- Det blir tomt på bygda.
- Kva med feiringar som er viktige for bygda, f. eks 17. mai?
- Tradisjonar forsvinn.
- Konsekvensane hamnar på elevane!
- Skulen er ein viktig møteplass. Grenda blir tom.
- Øydelegg for gode minnar.
- Utrygg skuleveg, spesielt for dei yngste.
- Lang skuleveg.
- ØSIL.

#### **KORLEIS KAN KOMMUNEN SPARE PENGAR?**

- Sommarstengd basseng.
- Bruke opp att PC-ar.
- Treng ikkje kantine på skulen.
- Kjøpestopp på leiker i 1 år.
- (2-delt skule)
- Slå saman klassar når nokon av lærarane er sjuke
- Treng vi frukt på SFO? Kan ikkje kvar enkelt ha me seg heimanfrå?
- Halde alpinbakken stengd 1 sesong, det er ein hobby. Ein skule må ha folk.

## ANDRE TANKAR FRÅ ELEVANE:

- Kva blir Mo, viss dei legg ned skulen?
- Barnehageborn vil bli søkt nedover fordi foreldra må hente elevar på SFO, og dei rekk ikkje til Mo for å hente sysken på barnehagen. Da blir barnehagen lagt ned og.
- Da blir det meir bilkjøring, og vi forureinar meir.
- Nokon vi kjenner har sagt at dei har vorte «tvinga» til ting dei ikkje vil sjølve som for eksempel å begynne å bruke sminke, seie stygge ting og bli ufine – nærmast bli mobbere for å vere tøffe. Nokon har og prøvd å røyke.
- ***Tenkje på andre enn seg sjølv – bry dåkk!***

Elevrådsmøte 09.09.25

Mo, 11.09.25

Referent Marit Kristin M. Søyseth

Einingsleiar